

## **Saksprotokoll 17.09.2020 - kontrollutvalet**

### **Handsaming i møte**

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte deira risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2020 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Årstalet i punkt 1 i forslag til vedtak skal vera 2020.

Med denne endringa i punkt 1 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen om risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2020 frå Deloitte AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale for resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.
3. Kontrollutvalet ber også om at Deloitte sin revisjonsplan for 2021 og revisor si risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2021 vert handsama i same sak i første møte hausten 2021.